Fylkesmannen i Hordaland

Inspeksjonsrapport frå tilsyn ved Veolia Miljø Metall avdeling Knarrevik

Dato for inspeksjonen: 21. september 2010
Rapportnummer: 2010.076.I.FMHO
Saksnummer hos Fylkesmannen: 2010/80849

Til stades
Frå verksemda: Ørjan Sandvik
Frå kommunen: Espen Elstad
Frå Fylkesmannen: Britt Solheim og Silje Tingstad

Resultat
Hovudtema for kontrollen var verksemda si handtering av farleg avfall og tiltak for å hindre utslepp av forureinande komponentar. Kontrollen vart også gjennomført for å kartlegga eit mogeleg behov for konsesjon.

Inspeksjonen vart gjennomført som del av ein regional kontrollaksjon retta mot returmetallaktørar hausten 2010. Resultata frå aksjonen vil bli samanstilt av Klima- og forureiningsdirektoratet, og resultata blir publisert på www.klif.no og www.fylkesmannen.no/hordaland. Rapporten er offentleg, og vil bli lagt ut på fylkesmannen sin nettstad.

Vi fann følgjande avvik:
- Verksemda har mangelfull internkontroll innan ytre miljø

Vi har gitt følgjande merknad:
- Analyseresultata frå utgåande vatn frå oljeutskiljaren blir ikkje gjennomgått og vurderte mot eigne utsleppsgrenser

Oppfølging etter kontrollen
Rapporten omhandlar avvik og merknadar som vi fann under inspeksjonen og gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

☐ Inga tilbakemelding. Fylkesmannen avdekka ingen avvik eller merknadar innan dei områda som vart kontrollert. Oppfølginga etter inspeksjonen er avslutta med denne rapporten.

☒ Verksemda pliktar snarast å retta opp dei avvik som er omtala i denne rapporten. Vi ber verksemda om ei skriftleg stadfesting med dokumentasjon innan 1. desember 2010 på at avvika er retta.

Dato		
11. oktober 2010	Silje Tingstad	Kjell Kvingedal
	Silje Tingstad overingeniør	Kjell Kvingedal seksjonssjef

Informasjon om verksemda

Organisasjonsnr (undereining): 971698217	**Eigd av (org. nr):** 983413161
Besøksadresse: Knarrevik næringspark	**Telefon:** 55 34 92 50
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320	**E-post:**

Kontrollert anlegg

Namn: Veolia Miljø Metall – Knarrevik metallgjenvinning	**Anleggsnr:** 1246.0101.03
Kommune: Fjell	**Anleggsaktivitet:** Gjenvinning av metall

Regelverk

- Forureiningslova, mellom anna § 7 fyrste ledd/andre ledd og § 29
- Produktkontrollova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta

Informasjon om regelverk finn du på www.klif.no og www.regelhjelp.no

Definisjonar
Avvik er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad er eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Varsel om tvangsmulkt
Vi varslar at vi vil fatta vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73, dersom vi ikkje har motteke ei stadfesting med dokumentasjon på at avvika er retta innan fristen 1. desember 2010.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vera på kr 50 000,-.

Verksemda har høve til å kommentera dette varselet. Eventuelle kommentarar må de sende til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. § forvaltningslova § 16.

Avvik

☒ **Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll innan ytre miljø**

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd

Grunnlag for avvik

☐ **a)** Verksemda har ikkje utført risikovurdering, jf. § 5, andre ledd, punkt 6

☐ **b)** Verksemda manglar dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall, jf. § 5, andre ledd, punkt 7

☒ **c)** Anna/grei ut: Verksemda har ikkje risikovurdert utslepp til sjø, jf. § 5 andre ledd punkt 6

Kommentar
Det var gjennomført risikovurdering for ytre miljø. Utslepp til sjø var lagt inn i matrisa som ein parameter som skulle risikovurderast, men det var ikkje sett verdi på sannsynlighet og konsekvens. Sidan verksemda er lokalisert like ved sjøen, er utslepp til sjø ein parameter som er viktig å ha med i risikovurderinga til verksemda.

☐ **Avvik 2: Verksemda utførar konsesjonspliktige aktivitetar utan å ha løyve**

Avvik frå: Forureiningslova §§7, 29 og avfallsforskrifta § 4.7, avfallsforskrifta kapittel 11, § 11-6.

Grunnlag for avvik

☐ **a)** Verksemda miljøsanerar kasserte køyretøy utan løyve frå Fylkesmannen, jf. forureiningslova §§7, 29 og avfallsforskrifta § 4.7

☐ **b)** Verksemda tek i mot farlig avfall utan løyve frå Fylkesmannen, jf. avfallsforskrifta § 11-6

☐ **c)** Verksemda samlar inn farleg avfall utan løyve frå Klima- og forureiningsdirektoratet, jf. avfallsforskrifta § 11-6

☐ **d)** Anna/grei ut

☐ **Avvik 3: Verksemda har mangelfull handtering av farleg avfall**

Avvik frå: Avfallsforskrifta kapittel 11

Grunnlag for avvik

☐ **a)** Verksemda overheld ikkje leveringsplikta for farleg avfall, jf. § 11-8

☐ **b)** Verksemda kan ikkje dokumenta at deira farlege avfall er levert. Deklarasjonsskjema er ikkje utfylt, jf. § 11-12

☐ **c)** Verksemda har ikkje tilfredsstillande lagring/sikring/merking av farleg avfall, jf. § 11-5

☐ **d)** Verksemda har ulovlig handsaming av eige / andre sitt farlige avfall, jf. § 11-6

☐ **e)** Anna/grei ut:

☐ **Avvik 4: Verksemda har ikkje oversikt over utslepp til vatn/grunn**

Avvik frå: Forureiningslova § 7

Grunnlag for avvik

☐ **a)** Oljeutskiljaren er ikkje kontrollert/tømt/vedlikehalden

☐ **b)** Anna/grei ut:

☐ **Avvik 5: Verksemda har aktivitet som kan medføre fare for forureining**

Avvik frå: Forureiningslova § 7, internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7.

Grunnlag for avvik:

☐ **a)** Verksemda kan ikkje dokumentera at den tekniske tilstanden på tank med farleg kjemikalie er tilstrekkelig for å hindra forureining/ev. lekkasje.

☐ **b)** Manglande risikovurderingar av tankar utan oppsamlingsbasseng

☐ **c)** Forsøpling av nærmiljøet kan ha medført fare for forureining eller verkar skjemmande, jf Forureiningslova § 28

☐ **d)** Anna/grei ut:

☒ Merknad 1: Analyseresultata frå utgåande vatn frå oljeutskiljaren blir ikkje gjennomgått og vurderte mot eigne utsleppsgrenser.

Kommentar
Det vart framvist analyseresultat frå utgåande vatn frå oljeutskiljaren ved tilsynet. Veolia Miljø Metall AS har eigne utsleppgrenser for avløpsvatn som har gått gjennom oljeutskiljaren. Det vart opplyst at analyseresultata ikkje blir vurderte opp mot egne utsleppsgrenser for å gjennomføre tiltak ved eventuelle overskridingar.